



Til elevar på 8.trinn, Skei skule

Skei 20.10.22

### **Berekraftig bruk og gjenvinning av landbruksplast**

I landbruket blir det brukt mykje plast. Dette kan vere plast og nett til rundballar, plastsekkar til gjødsel og oppbevaringskanner for syrer, olje og middel til reinhald.

Stardalen Bondelag og Vestland Bondelag er veldig opptekne av korleis denne plasten blir brukt, handtert og resirkulert i landbruket. Det har opp gjennom vore fleire ordningar for levering av slikt avfall. Bondelaga ynskjer å få vite meir om korleis ein gjenvinne, sorterer og får levert landbruksplasten. Vi vil difor at de elevar finn ut meir om:

- I eit miljøperspektiv, kvifor det er viktig å samle inn og gjenvinne landbruksplasten
- Korleis bønder i Stardalen Bondelag handterer og leverer landbruksplast
- Gjenbruk av plastkanner: Er det returordningar? Kan kannene gjenvinnast til noko anna?
- Kva skjer med den plasten som blir henta?
- Kor stor del av plasten som er i landbruket blir levert inn? (Tenk Skei skulekrins).
- Kvifor vel nokon å ikkje levere plast til gjenvinning?

Stardalen Bondelag inviterer dykk på bedriftsbesøk tysdag 8.november kl. 12.00. De får då moglegheit til å bli kjende med bonde Nils Kjøsnes, stille spørsmål de har kring gjenvinning av landbruksplast og å gjere dykk eigne observasjonar.

Vi ser fram til å høyre om kva de finn ut.

Med vennleg helsing

Nils Kjøsnes

Stardalen Bondelag

Marita Skeie

Vestland bondelag